



## NOREGS HØGSTERETT

Den 3. april 2017 vart det av Høgsteretts ankeutval med justitiarius Øie og dommarane Utgård og Arntzen i

**HR-2017-695-U, (sak nr. 2017/591), straffesak, habilitet:**

A (advokat Håkon Brækhus)

mot

Den offentlege påtalemakta

B (advokat Atle Birkeland)

sagt slik

### O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld spørsmål om alle dommarane i Gulating lagmannsrett må vike sete ved behandlinga av ein anke over orskurd i straffesak.
- (2) Hordaland statsadvokatembeter tok 14. mars 2014 ut tiltale mot A. Tiltalen har i alt ti postar og gjeld ei rekke straffbare forhold. Under post VII b) er A sett under tiltale for brot på straffelova 1902 § 166 første ledd for å ha gitt falsk forklaring. Grunnlaget er at han i ei erklæring til bruk ved ein anke til Høgsterett i 2010 hadde skrive at han

"[f]orut for retssak mellom C og X AS og D snakket jeg med dommer i saken Kjell Frønsdal, som jeg kjenner fra før. Jeg fortalte om min økonomiske interesse i saken – -----gate 0, og at utfallet var av stor økonomisk interesse for meg."

- (3) I grunnlaget heiter det vidare:

"Erklæringen ble benyttet som vedlegg til anke til Norges Høyesterett med prinsipal påstand om opphevelse av lagmannsrettens dom på grunn av inhabilitet hos dommer Frønsdal. Erklæringen var falsk idet der ikke hadde funnet sted noen samtaler mellom Frønsdal og A i anledning saken."

- (4) Hovudforhandling i saka er tillyst til april 2017. A har kravd utsetjing av hovudforhandlinga.

- (5) Bergen tingrett tok ikkje kravet til følgje, sjå orskurd 1. mars 2017 i sak nr. 14-057444MED-BERG/02.
- (6) A har anka avgjerda til lagmannsretten. I anken er det gjort gjeldande at alle dommarane i Gulating lagmannsrett er inhabile. Det blir særleg vist til avgjerda i same sakskomplekset i Rt-2014-964 der Høgsteretts ankeutval kom til at alle dommarane i Gulating lagmannsrett skulle vike sete ved behandlinga av spørsmålet om tiltalevedtaket skulle avvisast. Grunnlaget var den same tiltaleposten som det no blir vist til. Behandlinga av anken vart då overført til Frostating lagmannsrett.
- (7) *Påtalemakta* har gjort gjeldande at dommarane i Gulating lagmannsrett er habile. Det er også opplyst at påtalemakta 14. mars 2017 har trekt tiltalepost VII b, som gjeld det forholdet som gav grunnlag for den tidlegare avgjerda i ankeutvalet. Bakgrunnen for dette er at no pensjonert lagdommar Kjell Frønsdal er forhindra frå å møte i retten og gi forklaring.
- (8) B har sluttar seg til merknadene frå påtalemakta.
- (9) Ved brev 23. mars 2017 har førstelagmann Magni Elsheim i Gulating lagmannstett i medhald av domstollova § 117 andre ledd tredje punktum lagt spørsmålet om habiliteten til dommarane i lagmannsretten fram for Høgsteretts ankeutval.
- (10) *Høgsteretts ankeutval* viser til avgjerda i Rt-2014-964 avsnitt 10, der det heiter:
- "Saken nå gjelder spørsmålet om å avvise tiltalen hvor en av postene er nettopp det mulige straffbare forholdet som kst. førstelagmann Martin Tenold underrettet politiet om i sitt brev 7. oktober 2010, knyttet til A' påståtte kontakt med lagdommer Kjell Frønsdal i forbindelse med en sak som stod for Gulating lagmannsrett og hvor Frønsdal var både saksforberedende dommer og rettsformann. Underretningen må anses som en anmeldelse. Tenold opptrådte som fungerende embetsleder på vegne av lagmannsretten som sådan. Det blir da så tett forbindelse mellom Gulating lagmannsrett som institusjon og det spørsmålet som skal avgjøres i saken, at samtlige dommere i Gulating lagmannsrett bør vike sete, jf. domstolloven § 108 sammenholdt med Grunnloven § 95 første ledd og EMK artikkel 6 nr. 1."
- (11) Tiltaleposten der lagmann Tenold, som fungerande førstelagmann, hadde underretta politiet om eit mogeleg straffbart forhold, er no trekt. Spørsmålet om ein slik samtale fann stad, og eventuelt innhaldet i den, er ikkje tema. Orskurden frå 2014 har då avgrensa vekt ved den vurderinga utvalet skal gjere no.
- (12) Når den posten som knyter seg til underretninga frå førstelagmannen no ikkje lenger skal prøvast for Bergen tingrett, kan utvalet ikkje sjå at alle dommarane i Gulating er inhabile. Lagmannsretten skal då ikkje lenger prøve ei sak som vedkjem lagmannsretten som institusjon gjennom underretninga som vart gitt til politiet.
- (13) Kravet frå A blir etter dette ikkje teke til følgje.
- (14) Orskurden er samrøystes.

**S L U T N I N G :**

Kravet om at alle dommarane i Gulatings lagmannsrett vik sete ikkje teke til følgje.

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Toril M. Øie  
(sign.)

Wenche Elizabeth Arntzen  
(sign.)

Riktig utskrift: